

Rutine for fastsetjing av anleggstilskot i Voss Energi AS

Utarbeidd juli 2014/revidert november 2016

1. Forskrift

Heimla i forskrift av 11. mars 1999 om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffar. Paragraf 17-5 handlar om anleggstilskot. ([Link til forskrift.](#))

2. Definisjon, kva er anleggstilskot.

Anleggstilskot er eit investeringstilskott, eit eingongsbeløp som nettselskapet krev inn frå kundar/utbyggjar for å dekkje kostnader:

- utløyyst av utbyggingstiltak i nettet ved tilknytingar
- ved forsterkingar initiert av kunden/utbyggjar som følgje av auka effektbehov i eksisterande installasjonar, (auke i overbelastningsvern – OV).

Anleggstilskotet kan maksimum setjast lik anleggskostnad for anlegget. Nettselskapet kan legge til grunn meirkostnaden av en framskynda reinvestering, ofte kalla framskyndingskostnader, det vil seie meirkostnader ved å investera i nettet før restlevetid eller lastauke tilseier at komponenten uansett måtte fornyast.

3. Hensikt

Hensikta med anleggstilskot er å:

- gje eit signal for at vi skal byggja optimale straumforsyningsanlegg
- gje kundar grunnlag for å vurdere andre alternative energikjelder.
- gje kundar signal om dei samfunnsøkonomiske kostnadane ved tilknyting og bruk av straumnettet.
- Bruken av anleggstilskot vil synleggjere at det er ulike kostnader ved tilknyting ulike stader i nettet.

4. Voss Energi AS krev anleggstilskot ved:

- 100% i kundespesifikke anlegg, anlegg som kunden er einebrukar av og som er dimensjonert etter kundens effektbehov.
- Høveleg del av kostnader i radielle fellesanlegg, radielle anlegg omfattar anlegg som forsyner ei avgrensa og identifiserbar kundegruppe.
- Berre i ekstraordinære tilfelle i maska nett, maska nett er der forsyninga kan kome frå fleire stadar, som omfattar det meste av regionalnettet samt trafostasjonar mellom regionalnett og distribusjonsnett.

5. Berekningsgrunnlag for anleggstilskot

Anleggstilskotsgrunnlaget for kvar kunde består av kundenære kostnader, samt ein del av kostnadene for fellesanlegg. Oppgjeven effektbehov er dimensjonerande for etablering av straumanlegg.

Følgjande hovudkomponentar kan liggja til grunn for anleggstilskotet:

- Høgspenkabel
- Lågspenkabel
- Nettstasjon
- Transformator
- Kabelskåp

I tillegg kjem kostnader for arbeid som kan bestå av:

- Planlegging og utføring
- Hente inn avtalar til tillatingar
- Sette i drift og kontroll
- Dokumentasjon
- Graving, kabelgrøfter, grunnarbeid og leggjekostnader.

Det er ikkje høve til å krevja anleggstilskot for reinvesteringar.

6. Oppfølging

Oversikt over storleik på anleggstilskot og tidspunkt for etablering skal følgjes opp i interne system hos Voss Energi. Dette gjeld i tilfella der det kan vere aktuelt å fordele anleggstilskotet på fleire kundar innan 10 år etter ferdigstilling.

7. Grensesnitt

Grensesnittet mellom nettselskapet og kunde er normalt:

- For luftnett og kabelanlegg; ved inntakspunktet der stikkledninga for fyste gong festes eller rører ved bygget som skal forsynast.

Kostnadene med kabelframføring etter grensesnitt over skal i sin heilheit dekkast av kunden.

8. Korleis anleggstilskot kan bereknast

	Kostnader naudsynt for tilknytninga/forsterkinga
+	Oppgradering av eksisterande nett
+	Meirkostnad ved framskynding av framtidige reinvesteringer i eksisterande nett
-	Eventuell restverdi
=	Anleggstilskot til kunde/utbyggjar

9. Kva krev ein av kunden/utbyggjar

Voss Energi kan krevje heile eller delar av anleggstilskotet innbetalt til Voss Energi før anleggsstart. Det kan og krevjast at kunden stillar bankgaranti og eller anna tryggande sikkerheit for heile eller delar av anleggstilskotet.

10. Flytting av eksisterande nett.

Flytting av kablar/linjer eller kabling av linjer som ikkje er naudsynt for tilknytninga inngår ikkje i reglane for anleggstilskot og våre kostnader dekkes inn 100 %, inkl. moms. Reinvesteringskostnaden skal trekkast i frå for omlegging av nettanlegget.

11. Botnfrådrag

Per dato nyttar ikkje Voss Energi botnfrådrag.

12. Forskoting

Kunden skal berre betale for den kapasiteten som kunden legger beslag på, med mindre anlegget er bygga etter nettselskapets minste standard og det er vurdert at det ikkje er sannsynlig at det kjem fleire kundar.

Nettselskapet kan fordele anleggstilskotet mellom kundane som blir tilknytt på tidspunktet for ferdigstilling av anlegget og kundar som blir tilknytt på et seinare tidspunkt, men senast innan ti år etter ferdigstilling av anlegget. Fordelinga kan skje i form av en etterberekning av anleggstilskotet ved at nettselskapet forskotterer investeringskostnadene og fastsetter anleggstilskotets del overfor dei kundane som etter kvart vert tilknytt nettet. Det er ikkje anledning til å indeksjustere anleggstilskotet for aktørar som knytas til nettet seinare, sidan investeringskostnadene som Voss Energi as forskotterer handteras gjennom inntektsrammereguleringa frå NVE.

13. Framskyndingskost

Framskyndingskostnaden er reinvesteringskostnaden fråtrekket noverdien av framtidig reinvestering som unngåas.

Meirkostnaden ved en framskynda reinvestering forårsaka av nyanlegg eller utviding av eksisterande anlegg blir beregnet etter fylgjande formel:

$$RI - \frac{RI}{\left(1 + \frac{k}{100}\right)^t} = RI \times \left[1 - \frac{1}{\left(1 + \frac{k}{100}\right)^t}\right]$$

Der:

RI = reinvesteringskostnad

k = kalkulasjonsrente (NVE fastsetter denne)

t = restlevetid

Se også:

<http://www.nve.no/no/Kraftmarked/Tilknytning/Anleggstilskot/Fremskyndingskostnader/>

14. Kva kan kunden gjere sjølv

For å oppnå ein føreseieleg framdrift og tidlig oversikt over kostnader, er det ønskelig at kunden/utbygger tar med i sin anbudsførespurnad gravearbeid som skal utføres for Voss Energi. Alt gravearbeid skal utføres i samhøve med gjeldande forskrifter og bransjestandarden REN.

15. Etterberekning

Anleggstilskotet som vert berekna og avtala i forkant av anleggsstart (førehandskalkyle) er ikkje å betrakta som eit endeleg tilbod. Anleggstilskot skal etterbereknast og gjerast opp med kunden etter at anlegget er ferdig bygd, med dei faktiske kostnadene. Dette for å behandle alle kundane på ein lik måte. Ved utsending av slutfaktura når anlegget er ferdigsilt, leggas det ved dokumentasjon av kostnader, på tilsvarande måte som førehandskalkylen. Timelistar, materiallistar og leverandørfaktura vert sendt ut på førespurnad.

16. Ueinig i anleggstilskotet, eventuelt klage?

Regler for anleggstilskot kan i noen samanhengar være kompliserte. Vi strevar å berekne disse ut i frå dei regler som til ein kvar tid gjeld, men vi kan sjølvsagt gjere feil. Er det noko du ikkje er einig i så be oss først om ein nærare forklaring og grunngjevnad for kva som er gjort. Då kan vi allereie på dette stadiet luke vekk enkle feil som eventuelt er gjort. Blir vi ikkje einige, kan du kontakte NVE som vil vurdere saka og fatte eit vedtak. Kontaktinformasjon til NVE finn du her: <http://www.nve.no/>

17. Eigarskap, drift og vedlikehald

Sjølv om eit anlegg blir finansiert med anleggstilskot, vil anlegget vere Voss Energi sin eigedom fram til grensesnittet, sjå pkt. 7. Voss Energi har full disposisjonsrett over anlegget og vil bere alle framtidige drifts-, vedlikehalds- og reinvesteringkostnader for anlegget.